

ORDENSREGLEMENT FOR BRATTVÅG BARNESKULE

- Ver mot andre slik du vil at andre skal vere mot deg!

1. Samarbeid og medansvar

Vi er saman om ansvaret for miljøet på skulen. Difor

- hjelper vi kvarandre
- førebur vi oss til timane
- møter vi til rett tid
- har vi med det vi treng
- steller vi pent med bøker og materiell
- held vi skuleanlegget pent både inne og ute
- leverer vi melding ved fråver

2. Omsyn og omtanke

Alle har rett til å kjenne seg trygge og trivast på skulen. Sjølv om vi er ulike, er vi alle like verdifulle som menneske. Difor

- må vi ha arbeidsro i timane
- er vi positive og merksame på kvarandre
- må ingen bli erta eller plaga/mobba, verken på skulen eller skulevegen
- unngår vi ufin munnbruk
- må vi vere varsame i spel og unngå farleg og voldsom leik
- må ingen øydelegge eller forstyrre leiken for andre
- må vi ikkje slåst - ingen må kaste snøball anna enn på oppsette blinkar
- må vi ikkje bruke mobiltelefon på skulen utan etter avtale

3. Helse

Kroppen vår er verdifull, og vi må ta godt vare på den. Difor

- er vi ute i friminutta
- på dagar med ekstra dårleg ver kan elevane få vere inne
- er vi med i kroppsøvinga, skifter klede og dusjar etter samråd med lærar/foreldre
- bruker vi ikkje slikkeri eller tyggegummi
- må ingen røyke eller bruke rusmidlar

4. Trafikk og tryggleik

Vi ønskjer at skuletid og skuleveg skal bli tryggast mogleg. Difor oppfordrar vi

- elevane i 1., 2., 3. og 4. klasse til å gå til skulen (dersom du ikkje tek buss eller bil)
- kan elevar i 5., 6. og 7. klasse sykle til skulen
- brukar vi hjelm og refleks
- følgjer vi reglar for sykling, bruk av spark o.l. på skulen sitt område
- forlet ingen elevar skuleområdet utan løyve
- følgjer vi dei reglane som gjeld for turar og ekskursjonar
- oppfører vi oss fint og roleg på skulebussen

5. Brot på ordensreglementet

Dersom elevar viser ei åtferd som er i strid med ordensreglementet vårt, kan ein nytte desse reaksjonsformene:

- a. påtale frå ein av dei tilsette på skulen
- b. melding heim
- c. overføring til anna klasse eller aktivitet
- d. bortvising frå skulen for resten av dagen

Skulen kan kreve erstatning for skadar som blir gjort ved grov aktløyse på bygningar eller ting som tilhøyrrer skulen eller elevar / andre.